



Masfjorden kommune

Tilleggsinnkalling

av

Teknisk utval

Møtedato: 10.05.2016
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 16:00 - 18:30

Eventuelle forfall må meldast til Roald Kvingedal per tlf. , sms til eller per epost til roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

2 Endeleg vedtak - Masfjorden - Hjortejakt i Fagerdalen - Frode Langhelle mfl
014/2016 Klage på avgjerd i skadefellingssøknad på grågås

10. mai 2016

John Torsvik
møteleiar

Roald Kvingedal
sekretær



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Jørgen Aarø, 55 57 20 46

Vår dato
03.05.2016
Dykkar dato
17.11.2015

Vår referanse
2015/14963 433.53
Dykkar referanse
15/623 – 15/5122

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Vedtak om hjortejakt

Fylkesmannen opphevar vedtaket av 20. oktober 2015, jf. forvaltningslova § 34 fjerde ledd.

Vi viser til Masfjorden kommune si oversending av klage 17. november 2015.

Bakgrunnen for saka

Vi legg til grunn at partane er kjende med saka. Vi nemner difor ikkje alle detaljar i bakgrunnen for saka eller utviklinga gjennom 2015. Etter oppfatninga vår er hovudtrekka som følger:

Saka har utgangspunkt i langvarig usemje om hjortejakt i valdet Kringlebotn/ Fagerdalsbeitet mellom BKK (gnr. 51 bnr. 2 og tidlegare bnr. 1) og Anders Vågset (gnr. 51 bnr. 6). Konflikten oppstod i 2006 då det vart strid om jaktrettane på eigedomane. I 2011 stansa kommunen jakta i valdet på bakgrunn av denne tvisten. Det skjedde etter oppmoding frå Anders Vågset. I 2013 slo jordskifteretten fast at alle eigedomane hadde jaktrett i heile arealet. I 2014 oppretta dei ei bruksordning for jakta. Både i 2014 og 2015 har partane vore usamde om korleis bruks-ordninga skal forståast og om behovet for reglar i valdet utover det som er fastsett gjennom bruksordninga.

Den 28. mai 2015 blei Frode Langhelle informert om at kommunen ikkje hadde tildelt løyve til valdet ettersom det ikkje låg føre ein gyldig valdsøknad med underskrift frå alle jaktrettshavarane. Den 7. august s.å. klaga Frode Langhelle på vedtaket. Han viste til ei uttale frå Miljødirektoratet om verknaden av jordskiftedommen og bruksordninga når det gjaldt kravet til underskrifter i valdsøknaden. Klagen vart handsama av kommunen 13. august 2015. Valdet vart godkjent og tildelt seks løyve. Kommunen sendte brev med vedtaket den 31. august 2015. Den 15. september s.å. klaga Anders Vågset på kommunens vedtak om å godkjenne valdet og tildele løyve. Den 20. oktober s.å. omgjorde kommunen vedtaket og jakta vart stansa. Frode Langhelle klaga vedtaket i brev datert 2. november 2015. Klagen vart handsama av kommunen 9. november s.å., men vart ikkje tatt til følge. Vi fekk tilsendt Frode Langhelle sin klage frå kommunen den 17. november 2015.

Blant saksdokumenta ligg òg klagen frå Anders Vågset av 15. september 2015. Kommunen tok klagen til følge. Vi legg til grunn at Fylkesmannen ikkje skal handsame denne klagen. Vi kommenterer likevel nokre av punkta frå dette brevet avslutningsvis.

Vi avgrensar handsaminga vår til å gjelde klagen frå Frode Langhelle av 2. november og går difor ikkje inn i tidlegare vedtak i saka.

Fylkesmannens sine merknader

Ved vurdering av klager gjeld forvaltingslova. Vi kan stadfeste, endre eller oppheve kommunen sitt vedtak og sende det tilbake til kommunen for ny handsaming, jf. forvaltingslova (fvl) § 34. I handsaminga vår kan vi ta omsyn til nye omstende og gå utanfor det som er grunnane for klagen. Ved vurderinga av omstende som er underlagt fritt skjøn skal vi legge vekt på omsynet til det kommunale sjølvstyret, jf. fvl § 34 tredje ledd.

Vi handsamar saka etter hjorteviltforskrifta med heimel i viltlova. Den 8. januar 2016 tok ei ny hjorteviltforskrift til å gjelde. Skilnaden mellom ny og gamal forskrift er i hovudsak strukturelle endringar. Vi handsamar saka etter gamal forskrift ettersom det var denne som gjaldt på vedtakstidspunktet.

Vilkåra for å handsame klagen er til stades. Valdsansvarleg representant Frode Langhelle har rettsleg klageinteresse og klagen er sett fram innan tre veker etter at vedtaka vart fatta, jf. fvl §§ 28 og 29. Vi legger til grunn at Frode Langhelle i denne samanheng representerer gnr. 51 bnr. 1 og 2 i tvisten. Gnr. 51 bnr. 1 er i dag eigd av Martin Peter Matre, medan BKK eig gnr. 51 bnr. 2.

Frode Langhelle meiner kommunen sitt vedtak av 20. oktober 2015 om å trekke tilbake valdgodkjenninga og dermed stanse jakta er ugyldig på grunnlag av punkta som er omtalt under. Første og andre punkt i klagen er slått saman ettersom vi meiner begge gjeld kommunen si plikt til å varsle motpartar i ei klagesak: fvl § 16 gir partane høve til å uttale seg om saka innan ein nærare angitt frist. Kommunen har ikkje henta inn uttale frå BKK før vedtaket vart fatta. Kommunen har dermed ikkje oppfylt kravet om å sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før eit vedtak blir fatta, jf. fvl § 17.

I brev av 15. september 2015 klaga Anders Vågset på vedtaket om å godkjenne valdet Kringlebotn/Fagerdalsbeitet. Den 20. oktober 2015 fatta kommunen omgjeringsvedtak og viste til klagen frå Anders Vågset med 17 vedlegg, brev frå Masfjorden kommune av 31. august s.å., e-post frå sakshandsamar av 1. september s.å. og e-post frå Ingvar Vik av 4. september 2015. Vi kan ikkje sjå at kommunen har innhenta uttale frå motparten.

Etter fvl § 33 tredje ledd skal kommunen varsle eventuelle motpartar i ei klagesak og gi desse høve til å uttale seg innan ein angitt frist. Reglane om enkeltvedtak i forvaltingslova kapittel IV og V gjeld òg, så kommunen pliktar å sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg og vedtaket skal vere grunnlagt.

Etter oppfatninga vår har kommunen ikkje varsla Frode Langhelle/BKK i forkant av at Anders Vågset sin klage vart handsama. Vi legg til grunn at kommunen var klar over konflikten i valdet og meiner at motparten burde ha vore varsla og gitt høve til å uttale seg i forkant av vedtaket. Vi vurderer det som ein sakshandsamingsfeil.

Frode Langhelle meiner at vedtaket er ugyldig ettersom fvl § 35 seier at forvaltingsorganet ikkje kan gjere om ei klage dersom det vil vere til skade for ein part.

Fvl § 33 andre ledd seier at underinstansen kan oppheve eller endre eit vedtak etter klage dersom klagen gir grunn til det. Fvl § 35 gjeld tilfelle der forvaltingsorganet gjer om vedtak utan klage og er difor ikkje relevant i denne samanheng.

Vedtaket skal grunngevast samstundes som vedtaket vert fatta, jf. fvl. § 24. Vedtaket om å trekke tilbake valdgodkjenninga er ikkje grunnsett.

Rådmannen har gjort greie for saka i innstillinga si til teknisk utval, men utvalet følgde ikkje tilrådinga om å avslå klagen. Klagen vart tatt til følgje og jakta vart stoppa, men grunngevinga for dette kjem ikkje klart fram frå vedtaket i oversendingsbrevet av 30. oktober 2015. Sjølv om mykje av bakgrunnen kjem fram i rådmannen si saksutgreiing, viser vedtaket ikkje til heimel i forskrifta. Det er heller ikkje vist til kva for hovudomsyn som vart avgjerande for vedtaket. Vurderinga vår er at vedtaket ikkje er tilstrekkeleg grunngeve, jf. fvl § 24, og vi vurderer det som ein sakshandsamingsfeil.

Frode Langhelle viser til at ulovfesta forvaltingsmessige prinsipp medfører at kvalifisert urimelege vedtak er ugyldige. Han peikar på at Vågset representerer 16 prosent av valdet og har allereie felt sin kvote. Stans av jakta er difor urimelig ovanfor resten av medlemmane.

I Kringlebotn/Fagerdalsbeitet har jordskifteretten slått fast ved dom at eigedomane har retten til hjortejakt i felleseige og fastsett kor stor del av jakta kvart bruk har rett på. Grunnregelen er at søknad om godkjenning av vald skal vere underskriven av alle jaktrettshavarar, jf. hjorteviltforskrifta § 11 e. Grunnlaget for det er at jaktretten er knytt til eigedomsretten, jf. viltlova § 27.

Det følgjer av sameigelova § 4 at eit fleirtal kan gjere vedtak om styring og utnytting av jaktrettane der desse er i sameige. Det er presisert i kommentarane til den nye hjorteviltforskrifta som tok til å gjelde 8. januar i år, men var ikkje like tydeleg i den gamle. Her heitte det at søknaden skulle innehalde skriftleg samtykke frå alle jaktrettshavarar i valdet, eller underskrift frå lovleg vald representant for styre i sameige. Valdet er den geografiske og juridiske eininga som kan få tildelt fellingsløyve frå kommunen og vi oppfattar ikkje valdet som eit styre for sameiget i Kringlebotn/Fagerdalsbeitet. Slik vi vurderer saka var det etter den gamle forskrifta med kommentarar ikkje urimeleg av kommunen å stanse jakta når søknaden om valdgodkjenning mangla underskrift frå alle jaktrettshavarane. Vurderinga vår er at det ikkje kan reknast som ein sakshandsamingsfeil.

Den 23. november 2015 fekk vi brev frå kommunen der dei kommenterte feil i vedtaket av 9. november 2015 og tidlegare klager i saka. Kommunen skriv at han har brote sitt eige delegeringsreglement gjennom at klagen har blitt handsama av teknisk utval, når dei eigentleg skulle vore fremma for formannskapet. I brevet ber dei om at Fylkesmannen likevel handsamar klagen, og viser til at dei etter beste evne har gjort dei saksførebuingane som forvaltingslova § 33 krev.

Masfjorden kommune sitt delegeringsreglement seier at teknisk utval skal handsame saker om vilt og fisk, og at formannskapet skal handsame klager på enkeltvedtak gjort av mellom anna teknisk utval. Formålet med denne fordelinga av oppgåver er å sikre innbyggjarane rettstryggleik ved reell handsaming i to instansar i kommunen.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at det ligg føre opplysningar om at teknisk utval og formannskapet i Masfjorden består av dei same personane. Vi finn difor at teknisk utval ikkje har hatt personell kompetanse til å handsame sakene etter kommunens eige delegeringsreglement. Vi vurderer det som ein sakshandsamingsfeil.

Som det går fram over meiner vi at Masfjorden kommune har gjort seg skuldig i tre sakshandsamingsfeil i samband med vedtaket av 20. oktober 2015. Desse gjeld varsling av motpart i klagesak, manglande grunngjeving for vedtaket og mangel på personell kompetanse til å handsame klagen. Etter forvaltingslova § 41 er vedtak likevel gyldige dersom ein kan legge til grunn at feila ikkje har verka inn på utfallet av vedtaket. Vurderinga vår er at summen av sakshandsamingsfeil kan ha fått følgjer for utfallet av vedtaket. Vi må difor legge til grunn at vedtaket er ugyldig.

Avsluttande kommentarar

Manglar ved førebuande klagehandsaming

Oversendingsbrevet datert 17. november 2015 inneheld ingen vurderingar av momenta i klagen frå Frode Langhelle. Politisk vedtak i teknisk utval 9. november 2015 seier at klagen ikkje blir tatt til følgje og viser til hjorteveltforskrifta § 13. Det vart retta til forskrifta § 11 i brevet frå kommunen av 23. november 2015.

Etter fvl § 33 andre ledd pliktar underinstansen å gjere dei undersøkingar som klagen gir grunn til. Vi kan ikkje sjå at kommunen har vurdert merknadane i klagen frå Frode Langhelle. Det er heller ikkje gjort vurderingar om vilkåra for å handsame klagen er oppfylte.

Merknadar frå Anders Vågset

I klagen av 15. september 2015 har Anders Vågset fleire spørsmål og merknadar som vi ikkje kan sjå at kommunen har kommentert. Han skriv mellom anna at første gong han fekk svar frå kommunen i saka var 11. september 2015, fire dagar tidlegare. Han meiner òg at kommunen er uvillig til å fatte vedtak som går i BKK sin disfavour og er kritisk til manglande grunngjeving av vedtak, med referanse til vedtaket om tildeling av løyver datert 13. august 2015. Han ber spesifikt om svar på to spørsmål:

- Finst det grunnlag i lovverket for å kome med ein generell klage på kommunen sin handtering av saka frå han starta i 2006?

Vi legg til grunn at det som var kjernen i konflikten frå 2006 til 2013, striden om eigarskap og om retten til jakt på eigedomane, er avklart av jordskifteretten. Klageretten etter forvaltingslova gjeld enkeltvedtak med klagefrist på tre veker. Vi går ikkje inn i eldre vedtak fatta av kommunen om hjortejakt i Kringelbotn/Fagerdalsbeitet, men forventar at kommunen går gjennom dette brevet og registrerer dei merknadane vi har til sakshandsaminga deira.

- Kva må leggest til grunn for å kunne opprette tilsynssak mot kommunen?

Fylkesmannen kan drive tilsyn med kommunal verksemd der departementet er gitt slik mynde ved lov, jf. kommunelova kapittel 10 A. Slik opning finst ikkje i viltlova og vi kjem difor ikkje til å opne tilsynssak med kommunen på grunnlag av denne saka.

Fylkesmannen tar ikkje stilling til privatrettslege spørsmål

Vårt mynde i denne saka er som klageorgan etter viltlova og forvaltingslova. Vi tar difor ikkje stilling til reint privatrettslege spørsmål. Korleis medlemmane i valdet skal gjennomføre loddrekning av hjorteløyva i tråd med bruksordninga, er eit slikt døme, sjølv om kommunen i dette tilfellet har utført loddrekninga.

Vi oppfattar det som viktig for Anders Vågset at valdet treng vedtekter utover det som er fastsett av bruksordninga. Hjorteviltforskrifta stiller ikkje krav om vedtekter i valdet. Generelt er det anbefalt å utarbeide slike vedtekter for å ivareta privatrettslege tilhøve.

Konklusjon

Klagen er tatt til følge. Fylkesmannen opphevar vedtaket av 20. oktober 2015 med heimel i forvaltningslova § 34 fjerde ledd, og sender saka tilbake til kommunen for ny handsaming.

Part som har fått medhald kan få vesentlege og naudsynte saksomkostningar dekte, jf. forvaltningslova § 36. Kravet må saman med naudsynt dokumentasjon sendast til Fylkesmannen i Hordaland innan tre veker frå ein er gjort kjent med vedtaket.

Klagerett

Vedtaket er endelig og kan ikkje klagast vidare i forvaltinga, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Med helsing

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Frode Langhelle

Martin Peter Einleitevegen 5984 MATREDAL

Matre 13

BKK AS Postboks 7050 5020 Bergen

Anders Vågset 5983 HAUGSVÆR

Martin Peter Matre

Sakspapir

| | | |
|----------------------|------------------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Ottar Myrtveit | Gbnr - 5/3, Gbnr - 5/5 | 16/239 |

| | | | |
|--------------|---------------|-------------|-------------|
| Saknr | Utval | Type | Dato |
| 014/2016 | Teknisk utval | PS | 10.05.2016 |

Klage på avgjerd i skadefellingssøknad på grågås

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen syner til korrespondansen som har vore i saka samt synfaring og kan diverre ikkje gje skadefellingsløyve på gås som omsøkt til 15.05 pga. hekketida for grågås.

Heimel viltlova

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Grunneigar Erik Riisnes søkte om skadefelling på grågås 14.03.2016 då den var i ferd med å koma på innmarka både på eige bruk, Gbnr 5/3 og på leiejorda, gbnr 5/5. Han fekk da 22.03 skadefelling på inntil 10 gås til 05.04.2016. Det vart skote 1 gås.

Heimel for skadefelling finn ein i Forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon av 01.09.1997. Ei tillating av skadefelling er eit unntak frå viltlova sitt generelle fredningsprinsipp.

Uttale

Saka har vore diskutert med Hordaland Fylkeskommune v/Jomar Ragnhildstveit og med Fylkesmannens miljøvernavdeling. Begge desse etatane er vel kjent med problematikken med grågås som kan vera ei stor plage på innmarka til ein del bønder.

Fakta

Grågåsa hekkar på holmane utanfor Risnes mest, men også i dalføret vidare til Sleire. Bestanden har auka så no er det gås også utanfor dette området mykje grunna lite jakt og gode forhold for gåsa. Dei skadelidande her vert då gardbrukarar som har innmarksareal i drift. Erik Riisnes har i lengre tid vore plaga med gås på Fagrevika gbnr 5/5, men etter kvart dei siste åra har den også kome på heimegarden gbnr 5/3. Tidlegare har ein prøvd ut diverse skremmemetodar som gjerding mot sjø, hund og «hylaren». Denne hadde ein viss effekt ei stund, men gåsa er ein fugl som tilpassar seg utruleg og dei tiltak syner seg lite effektive etter ei tid.

Vurdering

Etter klage frå Erik Riisnes og diskusjon med Johan Steinsvåg v/miljøvernavdelinga 11.04 vert det klart uttrykt at ei ny utviding av skadefelling i hekketida vil bli reagert kraftig på frå Fylkesmannen.

Kommunen si viltforvaltning blir i tilfelle teken opp og det vert vurdert tiltak. Det vil vera brot på gjeldande regelverk.

Difor, diverre vil me i svar tilrå andre tiltak som td gjerde som er høgare (2,5m) og eggsanking som er lovleg til 15.04. I kommunal ny gåseplan må ein ta sikte på å få bestanden ned, og da er det gjerding, eggsanking, skremming og skyting som siste utveg. Dette er eit arbeid som tek tid og på denne tida.

Generelle vilkår for skadefelling

Det er direktoratets forutsetning at felling av skadegjørende vilt skal være ett av flere virkemiddel for å hindre eller begrense skader. Det forutsettes derfor at både de som utsettes for skade, og de ulike myndighetsnivå som gir tillatelse, legger til grunn at skadefelling bør unngås dersom andre løsninger kan redusere eller eliminere skadeproblemet.

Skadefelling er et unntak fra viltlovens generelle fredningsprinsipp.

Skade skal ha skjedd, dette forstås slik at skaden skal ha oppstått i inneværende sesong, og i et omfang som er av vesentlig økonomisk betydning for den skadelidte, eller som vil få tilsvarende betydning dersom skaden fortsetter.

Før felling **plikter** eier, bruker eller rettighetshaver i rimelig utstrekning å forsøke andre tiltak for å avverge skader eller redusere predasjon. Den skadelidte skal i rimelig utstrekning ha gjennomført tiltak for å hindre/begrense skaden.

I henhold til viltloven skal følgende retningslinjer følges ved saksbehandling/tildeling:

Dokumentasjon av skade skal foreligge.

Fellingstillatelsen kan gis for et kortere tidsrom.

Formålet med tildeling av fellingstillatelse er ikke å begrense bestanden, men å oppnå skremmevirkning. Antall gås som tildeles skal ikke overstige 10 stk pr sesong pr gårdbruker.

Pargås/Hekkefugl skal ikke skytes. Skytes et mordyr i yngletid, bør avkommet av dyrevernsmessig hensyn om mulig avlives.

Grunneiere som får tildelt fellingstillatelse på grågås som gjør skade skal rapportere til kommunen.

Vurdering/drøfting

Søknad om fellingstillatelse på grågås som gjør skade skal foregå etter forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon, jfr. rundskriv nr 6/97

I henhold til forskriftens § II pkt B kan kommunen gi tillatelse til felling av grågås når denne gjør skade på næringsinteresser.

Det er direktoratets forutsetning at felling av skadegjørende vilt skal være ett av flere virkemiddel for å hindre eller begrense skader

Konklusjon

Felling av skadegås må ikke få en form som kan defineres som tidlig jakt. Dei fleste kommunar har stramma inn tidligere praksis for tildeling av grågås som gjør skade.

Spørsmålet er kor skal en legge lista for når skadefelling bør gis.

For at kommunen kan fatta vedtak om fellingstillatelse på skadegås krever regelverket et skadeomfang som er av vesentlig økonomisk betydning for den skadelidte, eller som vil få tilsvarende betydning dersom skaden fortsetter.